



Kultur- og kyrkjedepartementet
Idrettsavdelinga
Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Vår dato: 21.04.2010
Vår ref: 2010/770 - 5356/2010 /
Dykkar ref:

Nye kriteria for fylkesvis fordeling av spelmidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - uttale frå Stord kommune

Viser tilbrev frå dykk datert 26.01.2010 med høyring kring temaet i headinga. Fristen for uttale var i brevet vart sett til 15.03.10, men me har seinare fått melding frå Hordland fylkeskommune om at han var utsett til 01.05.10.

Vedlagd finn de Stord kommune sin uttale i saka. Uttalen kjem frå Komite for næring, miljø og kultur datert 08.04.10. Komiteen har delegert mynde frå kommunestyret når det gjeld idrettsfeltet. Uttalen er identisk med uttalen frå Hordaland fylkeskommune datert 18.03.09 når det gjeld dei fyrste fire punkta. Me ber dykk særskild merka dykk punkt 5 som gjeld etterslep av spelmidlar.

Dersom det skulle vera noko uklårt/mangelfullt kring dette, ver gild å ta kontakt med underteikna.

Med helsing

Sylve Rusten

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune, Kultur- og
idrettsavdelinga

Postboks 7900 5020 Bergen

Saksprotokoll i Komité for næring, miljø og kultur - 08.04.2010

PS 21/10 - NYE KRITERIA FOR FYLKESVIS FORDELING AV SPELMIDLAR TIL ANLEGG FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET - UTTALE

Vedtak:

Komité for næring, miljø og kultur gjer følgjande vedtak:

1. Arbeidet innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv må styrkjast som regionalpolitisk område.
2. Forvaltninga av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet og idrett må overførast til regionane.
3. Kulturdepartementet bør sette i gang arbeidet med å revidere gjeldande idrettspolitik og utarbeide ein ny overordna kostnadsnøkkel for fordeling av spelemidlar med større vekt på regionalpolitisk råderett.
4. Inntil vidare bør gjeldande fordelingsnøkkel for spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet etter overskot i Norsk Tipping A/S endrast slik:
 - ☐ Godkjent søknadssum vektast med 70 %.
 - ☐ Befolkningsgrunnlag vektast med 30 %.
 - ☐ Kriteriet "anleggsdekning" takast ut av fordelingsnøkkelen.
 - ☐ Ny fordelingsnøkkel bør tidlegast gjelde frå 2011.
5. Det må arbeidast hardt for ekstra løyvingar over statsbudsjettet for å sletta ettersleppet av spelemidlar.

Handsaming

Samrøystes vedteke.

Rett utskrift: